UiT
NORGES
ARKTISKE
UNIVERSITET

Universitetsleiinga
Arkivref: 2016/7952/JJO010
Dato: 17.11.2016

SAKSFRAMLEGG

Til:	Møtedato:	Sak:
Universitetsstyret	24.11.2016	

Studieprogramporteføljen for opptak til studieåret 2017/2018 og fastsetjing av opptaksrammer

Innstilling til vedtak:

1. UiT Noregs arktiske universitet lyser ut studietilbod for opptak til studieåret 2017/2018 som vist i saksframlegget og i vedlegga
2. Universitetsstyret gir si tilslutning til dei opptaksrammene som er foreslått, og tilgangsreguleringane
3. Universitetsdirektøren får det vidare ansvaret for å følgje opp at talet på opptekne studentar haldast innanfor dei opptaksrammene som er foreslått.

Grunngjeving:
Universitetsstyret skal kvart år vedta den samla studieprogramporteføljen som skal lyses ut for opptak. I denne saka får styret ei samla oversikt over studieprogram som er planlagt utlyst for opptak til studieåret 2017/2018. I tillegg får styret presentert ei oversikt over dei viktigaste endringane i studieprogramporteføljen. Oppretting av nye program og program som fakulteta ønsker å leggje ned blir i all hovudsak omtalt i egne styresaker. Vidareutdanningar, eksternt finansierte studium og studium med eit omfang på mindre enn 60 studiepoeng vil heller ikkje bli omfatta av denne gjennomgangen.

Porteføljen skal normalt vere godkjent før 1. desember kvart år. Dette er fristen Samordna opptak har sett for innmelding av studium som skal ha opptak gjennom det nasjonale samordna opptaket. UiT sine grunnutdanningar skal som hovudregel lyses ut gjennom dette opptaket.

Vedlagt saka finst tre vedlegg. Tabellen i vedlegg 1 gir ein oversikt over studieprogramporteføljen for 2017/2018 etter forslag frå fakulteta. Nye studieprogram som er foreslått oppretta er tatt med i tabellen i vedlegg 2. I tabellane er også fakulteta sine forslag til opptaksrammer og eventuelle tilgangsreguleringar (adgangsreguleringer) tatt med. Universitetsdirektøren har i ei eiga sak om gjennomgangen av UiT si studieportefølje foreslått for styret kva for slags program som skal leggjast ned eller kor opptaket fryses komande studieår. Desse programma finst i vedlegg 3. Programma i denne tabellen vil berre bli lyst ut for opptak om styret har kome fram til eit anna vedtak enn det som universitetsdirektøren har innstilt på i gjennomgangen.

Opptaksrammer og tilgangsregulering av studieprogram

Fakulteta har gitt sine forslag til opptaksrammer for kvart enkelt studieprogram. Kapasiteten er eit mål på kor mange studentar universitetet kan ta opp innanfor budsjettet (talet på budsjetterte studieplassar). I tillegg blir tala brukt i statistikkar og i ei årleg rapportering til Kunnskapsdepartementet.

Universitetsdirektøren gjer oppmerksam på at sjølv om det er foreslått at opptakskapasiteten skal vere på eit bestemt nivå for kvart program, vil ikkje programmet bli automatisk tilgangsregulert (adgangsregulert). Fakulteta kan be om å få eit program tilgangsregulert om ein av erfaring veit at det er stor konkurranse om studieplassane, eller om det ikkje kan tas opp meir enn eit visst tal på studentar grunna avgrensingar i undervisnings- eller rettleiingskapasiteten. Skal eit program bli tilgangsregulert må det bli vedteken av universitetsstyret. Fakulteta må derfor gjere spesielt oppmerksam på kva for slags program som skal bli tilgangsregulerte. På studium som ikkje er tilgangsregulert (opne studieprogram), er UiT forplikta til å ta opp alle kvalifiserte søkarar, uavhengig av dei opptaksrammene som fakulteta har foreslått.

Oversikt over dei viktigaste endringane i studieprogramporteføljen

Fakultet for biovitskap, fiskeri og økonomi

BFE-fakultetet har vedtatt å fryse opptaket til masterprogrammet i Business Creation and Entrepeneurship i Tromsø komande studieår. Fakultetet skal bruke bruka tida framover til å revidere og utvikle eit betre studietilbod innan innovasjon og entreprenørskap. Fakultetet vil kome tilbake med reviderte studieplanar for programmet i god tid før behandlinga av studieprogramporteføljen for opptak til studieåret 2018/2019.

I Harstad blei det hausten 2015 starta ei ny vidareutdanning i leiing og styring i helsesektoren. Studiet har operative leiarar i helsesektoren som målgruppe. I årets opptak hadde studiet låge søkjartal, og opptaket til studiet blei innstilt. Fakultetet skal no vurdere om det erfaringsbaserte masterprogrammet i leiing i staden kan dekkje behovet for denne målgruppa. Det blir derfor ikkje opptak til denne vidareutdanninga komande studieår. Opptaket til årsstudiet i Advanced Marketing i Harstad blir også fryst komande studieår grunna manglande rekruttering. Pausen skal nyttast til å vurdere om programmet skal gis i ei anna form.

Universitetsdirektøren foreslår at det ikkje tas opp studentar på masterprogrammet i økonomi og administrasjon (siviløkonom) i Harstad og Alta komande studieår grunna manglande finansiering av studieplassane. Saka er nærare omtalt i ei eiga styresak.

På dei nettbaserte årsstudia i bedriftsøkonomi og leiing har fakultetet dei seinare åra budsjettert med ein opptakskapasitet på respektive 100 og 150 plassar. Det gjeld også for opptaket til komande studieår. Desse programma er tilgangsregulerte. Hausten 2016 møtte 182 studentar på årsstudiet i bedriftsøkonomi og 330 studentar på årsstudiet i leiing. Universitetsdirektøren meiner at fakultetet i 2017 må halde seg til opptaksrammene og at dei ikkje kan ta sikte på å overbooke like mykje som tidlegare år.

Fakultet for idrett, reiseliv og sosialfag

IRS-fakultetet har planar om å tilby eit årsstudium i naturguiding hausten 2017. Programmet blei i 2013 lyst ut under namnet Norsk naturguide. Fakultetet har førebels meldt om at dei har utfordringar med å fullfinansiere programmet over eige budsjett, og at dei fortsatt ser på ulike alternativ for å finansiere programmet. Universitetsdirektøren har kome til at det ikkje er aktuelt å ta inn årsstudiet i studieprogramporteføljen sidan finansieringa fortsatt ikkje er på plass. Programmet kan på eit seinare tidspunkt lysast ut via det lokale opptaket om fakultetet får avklart korleis det skal finansierast.

Det helsevitskapelege fakultet
UiT hadde hausten 2016 sitt fyrste opptak til det nyoppretta bachelorprogrammet i ernæring. Grunna sein avklaring frå Kunnskapsdepartementet om finansiering av programmet, rakk ikkje UiT å søke om spesielle opptakskrav utover krav om generell studiekompetanse innan de nasjonale fristane for å be om endringar i opptaksforskrifta. Meininga har vore at søkarar som skal bli tekne opp til ernæring må ha kunnskapar i Matematikk R1 (eller Matematikk S1 og S2) og Fysikk 1 og Kjemi 1 og 2 (såkalla MEROD-krav). Dette er dei same krava som UiB har fått høve til å nytte på sitt bachelorprogram. I årets opptak fekk UiT ved ein inkurie lov til stille krav om kunnskapar i Matematikk R1 (eller Matematikk S1 og S2) og enten Fysikk 1 eller Kjemi 1 eller Biologi 1. Dette må reknast som eit eingongsdøme for opptak til studieåret 2016/2017.

UiT har søkt om å få nytte MEROD-kravet allereie frå og med opptak til studieåret 2017/2018. I høyringsforslaget frå departementet, legg dei opp til at UiT ikkje får nytte dette kravet før hausten 2018. I vårt høyringssvar har vi på nytt gitt tilbakemelding om at UiT vil nytte seg av kravet allereie frå 2017. Om departementet likevel held fast ved si avgjerd, vil ikkje UiT kunne krevje meir enn generell studiekompetanse i opptaket i 2017. Helsefakultetet har vurdert kva for slags konsekvensar dette vil få for opptaket. Tilbakemeldinga til universitetsdirektøren er at det i utgangspunktet er problematisk å skulle ta opp søkjarar med manglande forkunnskapar i matematikk, fysikk og kjemi. Den beste løysinga slik fakultetet vurderer det, er likevel å køyre opptaket til bachelorprogrammet i ernæring som planlagt komande studieår. Orsaka er blant anna at ein eventuell pause i opptaket vil føre med seg store praktiske og økonomiske utfordringar dei komande åra. Føresetnaden for å ta opp studentar på grunnlag av generell studiekompetanse aleine, er at studentane blir informerte om skillet mellom det faktiske opptakskravet og dei forventa krava til forkunnskapar innan realfag *før* opptaket. God informasjon vil kunne vere førebyggjande, og gi søkarane ein pekepinn på kva for slags fagleg nivå dei må rekne med å vere på om dei blir tekne opp. Om talet på opptekne studentar utan realfagleg bakgrunn endar opp med å vere relativt lågt, reknar fakultetet med at desse studentane vil kunne få hjelp av medstudentar gjennom frivillige kollokviegrupper, eller at 2. årsstudentar vil kunne vere gruppeleiarar under rettleiing av ein fagtilsett. Universitetsdirektøren meiner at fakultetet sine forslag til avbøtande tiltak vil gjere det forsvarlig å ta opp studentar på grunnlag av generell studiekompetanse aleine i 2017. Det understrekast at informasjonen om anbefalte forkunnskapar i matematikk, fysikk og kjemi må gjerast kjent for søkarane både i studiekatalogen på nett og gjennom e-post til søkarane etter søknadsfristen.

Helsefakultetet skal ikkje ha opptak til masterprogrammet i barnevern i 2017. Fakultetet har tidlegare meldt i frå om at det har vore ei svikt i søkartala dei seinare åra og at dei har behov for å ha ein gjennomgang av innhaldet i programmet. Ein midlertidig stopp i opptaket vil i følgje fakultetet kunne frigjere ressursar til å sette i gang eit revisjonsarbeid av studieplanen, og til å samarbeide med aktuelle aktørar om å styrke rekrutteringa til programmet. Tilbodet innan barnevern er delt mellom IRS-fakultetet på bachelornivå og Helsefakultetet på masternivå. Universitetsdirektøren sett som føresetnad at Helsefakultetet involverer IRS-fakultetet i arbeidet med å revidere masterprogrammet.

Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning
HSL-fakultetet har søkt universitetsdirektøren om å få opprette eigne bachelor- og masterprogram innan teologi. Teologi har fram til no vore ei eige studieretning innan bachelor- og masterprogrammet i religionsvitskap.
I gjennomgangen av UiT si studieportefølje har ein foreslått å legge ned studieretninga i teologi innan bachelorprogrammet i religionsvitskap. Sidan ei avgjerd i denne saka fyrst vil kome i

styremøtet 24. november, vil ikkje søknadane om eigne program i teologi bli fremma for universitetsstyret før studieprogramporteføljen for opptak til komande studieår blir vedteken. Om styret likevel skulle vedta å oppretthalde studieretninga i teologi, vil universitetsdirektøren melde inn det nye bachelorprogrammet i teologi til Samordna opptak innan 1. desember, og deretter fremje ei eiga sak for styret om oppretting av desse programma innan 1. februar neste år.

Fakultetet søker om å endre namn og fagleg innhald på studieretninga i finsk på masterprogrammet i språk[1]. Forslag til nytt namn er studieretning i *kvensk og finsk*. Innhaldet blir endra med nye og reviderte emne i kvensk på masternivå. Fakultetet vurderer det slik at endringane ikkje vil føre med seg behov for nye fagstillingar, og at eksisterande fagmiljø har kompetanse til å tilby studium i kvensk på masternivå. Ei langsiktig målsetting er å legge til rette for å utvikle kvensk som akademisk språk, for på sikt å kunne få stipendiatar som skriv avhandlingane sine på kvensk. Endringsforslaget er vedtatt av fakultetsstyret, og vil gjelde frå og med studieåret 2017/2018. Kvensk har eit nært slektsskap til finsk, og fekk i 2005 status som eige minoritetsspråk i Noreg. Talet på språkbrukarar fell frå år til år grunna eit naturleg fråfall av språkbrukarar. Interesseorganisasjonar, institusjonar, språksentra og eldsjeler jobbar aktivt med ei re-vitalisering av kvensk. UiT er den einaste institusjonen som tilbyr studium i kvensk på universitetsnivå, og er tillagt eit nasjonalt ansvar for å ivareta og styrke det kvenske språket sin posisjon. Per i dag tilbyr UiT emne i kvensk på lågare grads nivå.
Universitetsdirektøren har ikkje dei faglege føresetnadene til å kunne vurdere om dette forslaget reint faktisk betyr ei fagleg nyetablering på masternivå (i kvensk), eller om det er meir å regne som ein formalitet når det kjem til synleggjeringa av eit fagtilbod som allereie finst ved UiT. Denne problemstillinga er ikkje drøfta i fakultetet si saksutgreiing, og universitetsdirektøren har derfor bedt fakultetet om ei klargjering før saka leggast fram for universitetsstyret. Fagmiljøet har nå gjort greie for at kvensk tidlegare blei regna for å vere ein finsk dialekt, og at det innanfor finskstudiet alltid har vore mogleg å spesialisere seg i kvenske tema, også i masteroppgåva. Fakultetet held fast på at dei endringane som dei har søkt om ikkje betyr ei faglig nyetablering, men er grunna i å kunne gjere eit allereie eksisterande tilbod meir synleg.
Fakultetet har ikkje dokumentert eller lagt fram ei konkret vurdering, men universitetsdirektøren sett som føresetnad at eksisterande fagmiljø innan finsk dekkjer NOKUT sine krav, og at kvensk kan reknast som ein del av dette. Universitetsdirektøren har gitt merknad om at det ut frå den tilsendte studieplanen var uklart kor vidt studieprogrammet si faglege fordjuping er innan språkvitskap, eller innan meistring av språka. Fakultetet har revidert studieplanen og læringsutbyttebeskrivinga, og det kjem no tydelig fram kva for slags kompetanse kandidatane har ved fullført studium. Universitetsdirektøren vurderer det sånn at fakultetet sitt forslag om betre synleggjering og eit utvida tilbod på masternivå er eit prisverdig bidrag til re-vitaliseringa av kvensk, og innstiller på at studieretninga sitt faglege innhald og namn endrast i samsvar med fakultetet sin søknad.

Det erfaringsbaserte masterprogrammet i stadutvikling er foreslått nedlagd frå komande studieår. Det har ikkje vore opptak til programmet sidan våren 2013. Programmet har hatt lav rekruttering og gjennomstrøyming i dei siste kulla som blei tekne opp. HSL-fakultetet understrekar at studentar som allereie er tatt opp på programmet må få høve til å fullføre studiet innan eitt år etter nedlegging, eventuelt innan to år i døme kor studenten har rett til permisjon etter universitetet sitt forskriftsverk.
Universitetsdirektøren viser til den pågåande gjennomgangen av UiT si samla portefølje. I gjennomgangen blir det blant anna lagt vekt på at program med lav rekruttering og

[1] Arkivref. *ePhorte* 2016/2699

gjennomstrøyming må vurderast nærare. Etter universitetsdirektøren si vurdering er det derfor riktig av HSL-fakultetet å leggje ned dette programmet no. Universitetsdirektøren innstiller på at det erfaringsbaserte masterprogrammet i stadutvikling leggjast ned frå og med opptak til studieåret 2017/2018 med dei føresetnadene som fakultetet har vist til i søknaden.

Fakultetet har og søkt om å få leggje ned studieretningane innanfor bachelorprogrammet i medie- og dokumentasjonsvitskap frå og med hausten 2017. Programmet har i dag to studieretningar innan medie- og dokumentforvaltning og medievitskap. Fakultetet grunngjev nedlegginga med at det vil forenkle og forbetre studieprogrammet. For studentane vil endringa gjere at studentane får meir valfridom samstundes som ein beheld moglegheita til å ta bibliotekemne som ein del av bachelorgraden. Fakultetet reknar også med ein positiv effekt med at programmet vil bli enklare å administrere utan studieretningar. Universitetsdirektøren er einig i fakultetet sine vurderingar og innstiller på at studieretningane i medie- og dokumentforvaltning og medievitskap leggjast ned frå og med hausten 2017. Studentar som allereie er tekne opp til programmet må informerast skriftleg om endringane og dei konsekvensane endringane vil kunne få for det vidare studieløpet.

Fakultet for naturvitskap og teknologi
NT-fakultetet kjem ikkje til å lyse ut masterprogrammet i mathematics and finance komande studieår. Vidare har fakultetet i haust rydda i dei alternative opptaksveiene til sine ingeniørstudium. Det er i utgangspunktet mogleg å kvalifisere seg for opptak til ingeniørstudia på fem ulike måtar. For å gjere det enklare for søkarane å orientere seg, har fakultetet valt å ikkje tilby opptak via 3-semesterordninga og Y-veien komande studieår. I staden etablerer fakultetet eit halvårleg realfagskurs i Tromsø, med opptak fyrste gong våren 2017. Målgruppa for kurset er søkarar som har generell studiekompetanse, men som manglar kunnskapar i Matematikk R1+R2 og Fysikk 1. Frå før tilbyr UiT eigne realfagskurs i Narvik, Alta, Bodø og Mo i Rana.

Opptaket til eittårige norskkurs i Alta og Narvik
HSL-fakultetet har sidan 2014 hatt tilbod om eit årsstudium i norsk for utanlandske studentar, trinn I-III i Alta. Programmet er ei vidareføring frå dåverande HiF. IVT-fakultetet tilbyr på si side eit årsstudium i norsk språk og samfunnskunnskap for utanlandske studentar i Narvik.
Utlendingsdirektoratet (UDI) gir ikkje lenger opphaldsløyve til visumpliktige søkarar som berre blir tekne opp til norskkurs aleine, og UiT har derfor valt å berre ta opp ikkje-visumpliktige søkarar til studiet i Alta dei seinare åra. Etter fusjonen med HiN har det på ny vore ein diskusjon omkring mogligheita for å gi opptak på vilkår av at studenten består norskkurset og får fortsette på eit norskspråkleg program slik at dei kan få opphaldsløyve. Begge fakulteta har no bedt om å få fortsette praksisen med å gi opptak til visumpliktige studentar på vilkår av at studenten består norskkurset og får fortsette på eit norskspråkleg program slik at dei kan få opphaldsløyve. Fakulteta har vidare varsla at dei ikkje lenger vil ta opp studentar til norskkurset viss programma ikkje opnast for visumpliktige søkarar. UiT har i utgangspunktet ikkje forskriftsheimel til å gi opptak på eit slikt vilkår. Universitetsdirektøren har derfor i over eit år bedt om ei avklaring frå Kunnskapsdepartementet i saka.

I skrivande stund har departementet framleis ikkje svart på UiT sine spørsmål, trass gjentekne purringar. UiT har overfor departementet understreka at det er viktig å få ei endelig avklaring på problemstillingane knyta til dette opptaket i god tid før opptaket til studieåret 2017/2018. Rekrutteringa av denne studentgruppa er allereie i gang og søknadsfristen for norskkursa er 1. desember. Det er derfor svært beklageleg at departementet framleis ikkje har kome med sine avklaringar.

Slik saka står no, har ikkje universitetet heimel i opptaksforskrifta til å gi opptak på dei vilkåra som både HSL- og IVT-fakultetet ønskjer seg. Universitetsdirektøren meiner derfor at den beste løysinga er å fryse opptaket til desse norskkursa komande studieår.

Universitetsdirektøren sine vurderingar

For enkelte fakultet vil det kunne bli fleire endringar i porteføljen enn dei som er kommenterte i denne saka. Dette har samanheng med den pågåande gjennomgangen av UiT si studieportefølje. Universitetsdirektøren understreker at programma som er omfatta av gjennomgangen likevel vil kunne lyses ut for opptak komande år om universitetsstyret vedtar å oppretthalde nokre av programma. Opptaket til dei eittårige norskkursa i Alta og Narvik fryses komande studieår grunna manglande avklaringar frå departementet omkring vilkåra for dette opptaket.

I saka om opptaks- og møtt-tala for hausten 2016 fekk universitetsstyret ei orientering om at den samla opptakskapasiteten som fakulteta hadde foreslått var for høg. I haust blei det tatt opp ca. 800 færre studentar enn planlagt til program som har eit omfang på meir enn 60 studiepoeng. Opptakskapasiteten skal gi et bilete på kor mange plassar det er budsjettert med på kvart enkelt studium. Universitetsdirektøren meiner at avviket mellom talet på budsjetterte plassar og møtte studentar bør vere så lite som mogleg. I det komande opptaket vil derfor universitetsdirektøren ha eit ekstra fokus på dette, slik at talet på opptekne studentar i større grad haldast innanfor dei opptaksrammene som universitetsstyret vedtar.

Lasse Lønnum	Heidi Adolfsen
universitetsdirektør	studiedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjend og krev ikkje signatur

Saksbehandlar: Jørund Jørgensen, Avdeling for utdanning

Vedlegg
1 Studieprogramtabell for studieåret 2017/2018
2 Nye studium som fakulteta har søkt om å få opprette
3 Studium kor opptaket er foreslått fryst